267 revisjonsstandardene (ISAene). I tillegg er det fastsatt standard for forenklet
268 etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen (se kapittel 6) og standard for forenklet
269 etterlevelseskontroll med vesentlige budsjettavvik (se kapittel 5.3).
270

271 Det vil være revisors plikt å følge disse standardene, og den bransjebaserte kvalitetskontrollen
272 er et virkemiddel for å sikre at det gjøres.
273

274 **6 Kontroll med den økonomiske forvaltningen**

275
276 Kommuneloven § 14-1 første ledd slår fast at kommunene skal forvalte økonomien slik at den
277 økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid. Som et ledd i dette skal kommunestyret vedta
278 et eget økonomireglement for kommunen.
279

280 I tredje ledd står det at kommunene skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som
281 ikke innebærer vesentlig finansiell risiko. Kommunene skal ha et eget finansreglement som
282 skal inneholde bestemmelser som hindrer kommunen i å ta en vesentlig finansiell risiko i
283 finans- og gjeldsforvaltningen, og som sikrer at løpende betalingsforpliktelser kan innfris ved
284 forfall.
285

286 Kontrollutvalget har et overordnet ansvar for å påse at det føres kontroll med den økonomiske
287 forvaltningen. Dette er en oppgave på lik linje med utvalgets oppgaver knyttet til blant annet
288 regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalget bør gjøre seg en oppfatning av
289 hvordan denne oppgaven skal følges opp, utover det som gjøres i regnskapsrevisjonen og
290 forenklet etterlevelseskontroll.
291

292 Ved gjennomføring av regnskapsrevisjonen skal revisor se etter at den økonomiske kontrollen
293 er ordnet på en betryggende måte. Det vil være naturlig at revisor rapporterer om funn knyttet
294 til den økonomiske internkontrollen i den avtalte rapporteringen til kontrollutvalget.
295

296 Dessuten skal det gjøres en uavhengig vurdering av om finansreglementet legger opp til en
297 forvaltning i samsvar med loven. Kontrollutvalget bør bli orientert om denne vurderingen.
298

299 For øvrig bør kontrollutvalget være orientert om den økonomiske utviklingen i kommunen.

300

301

302 **6.1 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen**

303 Minst en gang i året får kontrollutvalget seg forelagt rapportering eller uttalelse om forenklet
304 etterlevelseskontroll fra revisor. Lovbestemt frist er 30. juni. Bakgrunnen er en risiko- og
305 vesentlighetsvurdering som kontrollutvalget har fått seg forelagt tidligere, basert på et eget
306 dokument eller revisjonsstrategien. Gjennomføring av denne oppgaven er nærmere regulert i
307 RSK 301 *Standard for forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen*.

308

309 Ved behandling av risiko- og vesentlighetsvurderingen bør kontrollutvalget ha en dialog med
310 revisor. Følgende spørsmål kan blant annet være aktuelle å stille: Hvilke områder vurderer
311 revisor som mest aktuelle? Er det flere områder som bør kontrolleres. Er det aktuelt å
312 gjennomføre en forvaltningsrevisjon innen utvalgte deler av den økonomiske forvaltningen?
313 Det er revisor som bestemmer innholdet i etterlevelseskontrollen, men revisor bør være
314 lydhør for synspunkter fra kontrollutvalget.

315

316 Dersom kontrollutvalget ønsker at revisor undersøker andre områder enn det som er bestemt,
317 så kan dette bestilles. Dette forutsetter at kontrollutvalget har tilgjengelige ressurser. Dersom
318 det ikke foreligger ressurser, kan kontrollutvalget invitere kommunedirektøren for å redegjøre
319 nærmere om saken. En dialog med kommunedirektøren kan ofte medføre avklaringer for
320 kontrollutvalget og mulige forbedringer hos administrasjonen.

321

322 Ved behandling av uttalelsen om etterlevelseskontrollen, vil kontrollutvalget stå overfor to
323 alternativer. Uttalelse som ikke innebærer videre oppfølging fra kontrollutvalgets side eller
324 («modifisert») uttalelse som innebærer nummerert brev på grunn av konstaterte feil/svakheter.

325

326 Hvis kontrollen fører til et nummerert brev, kan kommunedirektøren bes om å redegjøre for
327 saken. Fokus vil da være hvilke forbedringer som er tenkt iverksatt.

328

329 For øvrig kan resultatet av en gjennomført etterlevelseskontroll medføre at kontrollutvalget
330 bestiller en forvaltningsrevisjon innen angjeldende område.

331

332 **6.2 Forenklet etterlevelseskontroll med vesentlige budsjettavvik**

333 Formålet med forenklet etterlevelseskontroll med vesentlige budsjettavvik, som er ny
334 oppgave etter kommuneloven, er innenfor en begrenset ressursramme, å bidra til tillit til at
335 årsberetningen gir dekkende opplysninger om budsjettavvik og dermed styrke årsberetningen
336 som verktøy for kommunestyrets styring og budsjettoppfølging. Kontrollen dekker både
337 drifts- og investeringsbudsjett.

338

339 Standarden RSK 302 *Forenklet etterlevelseskontroll med vesentlige budsjettavvik* beskriver
340 hvordan revisor skal planlegge og gjennomføre denne oppgaven.

341

342 Revisor skal i revisjonsberetningen uttale seg om det i årsberetningen er gitt dekkende
343 opplysninger om vesentlige budsjettavvik, og om det er avdekket forhold som gir grunn til å
344 tro at årsberetningen har en mangelfull redegjørelse om vesentlige budsjettavvik.

345

346 Et utgangspunkt for påseansvaret kan være å etterspørre hvordan revisor planlegger å
347 gjennomføre denne kontrollen. Når kontrollutvalget behandler uttalelse til årsregnskapet og
348 årsberetningen, bør revisor få anledning til å redegjøre for hvordan kontrollen ble

349 gjennomført. Dersom det i stor grad ikke foreligger tilstrekkelige budsjettpremisser, bør
350 kontrollutvalget kommentere dette i sin uttalelse.
351

352 **7 Forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll blir utført**

353

354 **7.1 Betyggende forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll**

355 Kommuneloven § 23-2 sier at det skal utføres forvaltningsrevisjon av kommunens
356 virksomhet, og av selskaper kommunen har eierinteresser i. Videre skal det føres kontroll med
357 forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskapet mv. (eierskapskontroll).
358

359 Loven slår også fast at kontrollutvalget skal utarbeide en plan for forvaltningsrevisjoner og
360 eierskapskontroller. Denne planen skal baseres på en vesentlighets- og risikovurdering, og
361 kontrollutvalgets forslag til plan skal vedtas av kommunestyret. Det framgår av
362 lovforarbeidene at det må utarbeides planer som sikrer at det regelmessig gjennomføres
363 forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll på de områdene hvor det er størst behov for det, og i
364 et omfang som er tilpasset kommunens størrelse, kompleksitet og risiko.
365

366 På grunnlag av vedtatt plan og fullmakt fra kommunestyret bestiller kontrollutvalget
367 forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller av revisor.
368

369 Kontrollutvalget skal påse at kommunen har planer for forvaltningsrevisjon og
370 eierskapskontroll, og at det regelmessig blir gjennomført forvaltningsrevisjon og
371 eierskapskontroll for kommunen.
372

373 En forutsetning for å løse kontrollutvalgets ansvar, er at det tildeles tilstrekkelig ressurser
374 Dersom rammene ikke gir tilstrekkelig rom, må kontrollutvalget gjøre kommunestyret
375 oppmerksom på dette og om konsekvensene av dette.
376

377 **7.2 God kommunal revisjonsskikk**

378 Gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll er nærmere regulert i henholdsvis
379 RSK 001 *Standard for forvaltningsrevisjon* og RSK 002 *Standard for eierskapskontroll*.
380

381 Standardene krever rapportering av forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Selve
382 rapportene skal vise at arbeidet er gjennomført i samsvar med god kommunal revisjonsskikk,
383 og innholdspunktene og informasjonen i rapportene vil derfor være den viktigste
384 informasjonen for å ivareta påsefunksjonen knyttet til forvaltningsrevisjon og
385 eierskapskontroll.
386

387 Etterlevelse av kravene i standardene skal kvalitetssikres av revisjonsenheten.
388 Kvalitetssikringen skal dokumenteres, og dette blir kontrollert i forbindelse med den
389 bransjebaserte kvalitetskontrollen. Kontrollutvalget bør innhente informasjon om hvordan
390 revisjonsenheten ivaretar disse kravene, jf. pkt. 4.2.
391

392 I praksis vil kontrollutvalget utøve sitt påseansvar i forbindelse med den enkelte
393 forvaltningsrevisjon eller eierskapskontroll.
394

395 Kontrollutvalget har gjennom sin behandling av planer og rapporter et grunnlag for å vurdere
396 kvaliteten på forvaltningsrevisjonen.

397

398

399 **Bestillerrollen**

400 I begge standardene reguleres bestillingsdialogen og samspillet mellom kontrollutvalget og
401 revisor.

402

403 Kontrollutvalget og revisjonen kan avtale informasjon om utførelsen av arbeidet, utover det
404 som ligger i påseplikten. Aktuell informasjon kan være

405

- 406 • revisors vurdering av om kontrollutvalgets ønske lar seg gjennomføre før bestilling
- 407 • prosjektplaner der det er redegjort for problemstilling(er), kriterier og metodebruk
- 408 • spørsmål om avgrensinger og utvelgelse av undersøkelsesobjekt
- 409 • forventet ressursbruk og leveransetidspunkt
- 410 • rapportering underveis om status i arbeidet

411

412 Det kan også være hensiktsmessig å avtale jevnlige evalueringer av arbeidet med
413 forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll, for eksempel midtveis i valgperioden. Slike
414 evalueringer kan være nyttige for å oppnå best mulig kvalitet, forventningsavklaringer og
415 tilfredshet med leveransene. Evalueringer kan initieres og gjennomføres både av
416 kontrollutvalg, sekretariat og revisor selv. Aktuelle tema for evalueringen kan være
417 kontrollutvalgets nytte av rapportene, samt omfang, grundighet og dialog underveis.

418

419 Kontrollutvalget bør også vurdere forvaltningsrevisjonsrapportenes og
420 eierskapskontrollrapportenes tilgjengelighet med hensyn til språk og lesbarhet.

421

422 **8 Oppfølging av kommunestyrets vedtak**

423 Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets vedtak om regnskapsrevisjoner,
424 forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til
425 kommunestyret om vedtaket er fulgt opp.

426

427 Oppfølging fra kontrollutvalget forutsetter at vedtaket krever eller åpner for etterfølgende
428 aktivitet fra administrasjonen. Det bør kreves tilbakereportering fra administrasjonen, og i
429 noen tilfeller kan det være behov for oppfølgingsundersøkelser.

430

431 Etter at kontrollutvalget har fulgt opp kommunestyrets vedtak, må det vurderes om det er
432 aktuelt med særskilt tilbakemelding til kommunestyret eller om tilbakereportering kan gis i
433 årsrapport eller årsmelding.

434

435 **9 Sluttkommentar**

436 Anbefalingene/punktene over angir hvordan NKRF mener dialogen mellom revisor og
437 kontrollutvalget bør og kan være innrettet når det gjelder kontrollutvalgets påseansvar.

438

439 Det er imidlertid det enkelte kontrollutvalg selv som må finne en hensiktsmessig måte å utøve
440 påseansvaret på – så lenge det er i tråd med lov og forskrift.

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 9/2022 Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til oppvekstsektoren

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 19.04.2022	Sak nr 9/2022
---	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet går gjennom utkast til prosjektplan i møtet og godkjenner denne, med eventuelle endringer.

Kontrollutvalet må vurdere å utsette gjennomføring av prosjektet til seinare sidan det har vore høg belastning på oppvekstsektoren med forvaltningsrevisjon det siste året og høg belastning over tid som følge av pandemien. Kontrollutvalet må difor vurdere om ein skal vente med igangsetting av dette prosjektet.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. dato	Avsendar	Tittel
1	April 2022	KPMG	Prosjektplan – oppvekst

BAKGRUNN

Det vert vist til plan for forvaltningsrevisjon, samt til kontrollutvalet sitt vedtak i sak 5/2022:

«Kontrollutvalet vil til neste møte be om ein prosjektplan for prosjektet som er prioritert som nr 2 i plan for forvaltningsrevisjon. Dette er eit prosjekt som skal sjå nærare på mellom anna ressursbruk og bruk av spesialundervisning i oppvekstsektoren.»

Som vedlegg nr 1 følgjer framlegg til prosjektplan frå revisor. I møtet vert det lagt opp til at kontrollutvalet går gjennom planen og kjem med eventuelle innspel til endringar i planen.

Forvaltningsrevisor deltek under handsaminga av saka for å kunne svare på spørsmål og/eller innspel til endringar.

Etter førre møte i kontrollutvalet har sekretariatet fått tilbakemelding frå kommunedirektøren der ho vil be kontrollutvalet om å utsette gjennomføringa av dette prosjektet som følge av at det er stort trykk på oppvekstsektoren no, mellom anna med oppfølging av den førre forvaltningsrevisjonsrapporten knytt til arbeidsmiljø. Kommunedirektøren vil ta del i møtet og kjem med nærare grunngjeving for sitt innspel til kontrollutvalet.



Prosjektplan

Oppvekst
Lærdal kommune

April 2022

www.kpmg.no



Innhold

1. Innleiing	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Forslag til tilnærming	3
2. Føremål, problemstillingar og revisjonskriterier	5
2.1 Føremål	5
2.2 Problemstillingar	5
2.3 Revisjonskriterier	5
3. Tilnærming	7
3.1 Metode	7
3.2 Aktivitets- og framdriftsplan	8
4. Prosjektteam og honorar	9
4.1 Prosjektteam	9
4.2 Honorar	9

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet har i vedtak 5/22 bedd om ein prosjektplan på området oppvekst – ressursbruk – bruk av spesialundervisning: *Kontrollutvalet vil til neste møte be om ein prosjektplan for prosjektet som er prioritert som nr 2 i plan for forvaltningsrevisjon. Dette er eit prosjekt som skal sjå nærmare på mellom anna ressursbruk og bruk av spesialundervisning i oppvekstsektoren.*

Prosjektet er nærmare omtala i risiko- og vesentlegheitsvurderinga: *Oppvekstsektoren er ein stor og viktig sektor, der det naturlegvis kan ha store konsekvensar dersom det førekjem manglar eller avvik ved tenestetilbodet.*

Når det gjeld grunnskulen viser statistikken at kommunen kjem ut noko under landsgjennomsnittet når ein ser på oppnådde resultat. Elevane på meistringsnivå 3-5 i lesing ligg på 73,3%, mot 75% for landsgjennomsnittet utanom Oslo. Oppnådde grunnskulepoeng i snitt er 40, mot landsgjennomsnitt på 41,7.

Samtidig er kostnadane høge. Driftsutgiftene per innbyggjar i alder 6-15 år er kr 166 191, mot kr 139 840 for snittet i Kostragruppe 2.

Eit tema som har blitt trekt fram gjennom arbeidet med risiko og vesentlegheitsanalysen er spørsmålet om kommunen brukar for mykje ressursar på spesialundervisning og også om dei timane ein nyttar på spesialundervisning blir nytta på feil årstrinn. Vi ser at det er mindre spesialundervisning i småskulen og betydeleg meir på mellomsteget. Årstimar til spesialundervisning ligg på 185,8, mot 148,7 for Kostragruppe 02.

Problem med skulemiljø/mobbing har det vore mykje fokus på dei seinare åra. Ut frå opplysningane i kommunebarometeret ligg trivselen til elevane i Lærdal over landsgjennomsnittet

Dei mest aktuelle områda å sjå på innan sektoren er desse:

- *Er det spesielle årsaker som gjer at Lærdal kommune ligg høgt på bruken av spesialundervisning? Er resultata i skulen tilfredsstillande i høve til ressursinnsatsen i høve til andre kommunar.*
- *Ressursbruken i skulen generelt – kvifor ligg kommunen så høgt i kostnadsnivå samanlikna med samanliknbare kommunar?*
- *Får elevane ved skulane eit tilfredsstillande skuletilbod i tråd med gjeldande regelverk? Er det eit likeverdig tenestetilbod ved dei to skulane i kommunen?*
- *Har ein god nok tverrfagleg innsats mellom skulane, skulehelsetenesta og barnevernet for å forebygge at elevar får problem med gjennomføring av skulegangen*

1.2 Forslag til tilnærming

Med bakgrunn i informasjonen om temaet som ligg føre i risiko- og vesentlegheitsvurderinga og vedtaket i kontrollutvalet i Lærdal kommune foreslår vi å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon som kartlegg fylgjande tema:

- Årsarkar til bruk av spesialundervisning
- Ressursbruk i skulen
- Skuletilbod i tråd med gjeldande regelverk

- Tverrfagleg innsats mellom skular, skulehelsetenesta og barnevernet for å forebygge at elevar får problem med gjennomføring av skulegang

Temaet skuletilbod i tråd med gjeldande regelverk er vidt. Det er ikkje mogleg å vurdere skuletilbodet opp mot heile regelverket, og det er difor behov for å avgrense dette til delar av regelverket. Som det kjem fram av risiko- og vesentlegheitsvurderinga blir det stilt spørsmål om kommunen brukar for mykje ressursar på spesialundervisning. Det er eit nært høve mellom spesialundervisning og tilpassa opplæring. Tilpassa opplæring er tilrettelegging som skulen gjer for å sikre at alle elevar får eit best mogleg utbytte av den ordinære opplæringa. God tilpassa opplæring kan redusere behovet for spesialundervisning hos elevane. Vi foreslår derfor at vi i denne forvaltningsrevisjonen fokuserer på tilpassa opplæring under temaet skuletilbod i tråd med gjeldande regelverk.

2. Føremål, problemstillinger og revisjonskriterier

2.1 Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke Lærdal kommune sin bruk av spesialundervisning, ressursbruk i grunnskulen, tilpassa opplæring og tverrfagleg innsats knytt til forebygging av problem med gjennomføring av skulegang.

Undersøkinga vil avgrensast til grunnskulane i kommunen, samt skulane sitt samarbeid med skulehelsetenesta og barnevernet knytt til forebygging av problem med gjennomføring av skulegang.

Undersøkinga vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gi tilrådingar om tiltak dersom det avdekkjast avvik eller moglege forbetningsområde.

2.2 Problemstillinger

På bakgrunn av føremålet blir følgjande problemstillinger foreslått:

1. Kva er årsakane til at Lærdal kommune ligg høgt på bruken av spesialundervisning?
2. Kva er årsakane til at Lærdal kommune ligg høgt i kostnadsnivå knytt til ressursbruk i grunnskulen samanlikna med samanliknbare kommuner?
3. I kva grad sørger Lærdal kommune for at elevane i kommunen sine grunnskular får eit opplæringstilbod tilpassa elevane sine evner og føresetnadar?
4. Korleis og i kva grad fungerer samarbeidet mellom skulen, skulehelsetenesta og barnevernet knytt til tverrfagleg innsats rundt forebygging av problem med gjennomføring av skulegang?

2.3 Revisjonskriterier

Til problemstillingane stiller vi opp revisjonskriterier. Revisjonskriterier er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen målast mot. Revisjonskriterier må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Sentrale kjelder til å utlede revisjonskriterier vil vere:

- ✓ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
- ✓ Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- ✓ Lov om barneverntjenester (barnevernloven)
- ✓ Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven)
- ✓ Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skulehelsetjenesten
- ✓ St. meld. Nr. 16 (2006-2007) ... og ingen sto igjen tidlig innsats for livslang læring
- ✓ St.meld. Nr. 6 (2019-2020) Tett på tidlig innsats og inkluderende felleskap i barnehage, skole og SFO

- ✓ Rundskriv Q-16/2013 Forebyggende innsats for barn og unge
- ✓ Kommunale vedtak og retningslinjer

3. Tilnærming

3.1 Metode

For å svare på problemstillingane vil vi samle inn data ved bruk av følgende teknikkar:

- ✓ Dokumentanalyse
- ✓ Intervju
- ✓ Statistikk

Vi vil innhente og gjennomgå dokumentasjon frå kommunen som kan gi informasjon om problemstillingane. For å bevare problemstillingane vil det vere nødvendig å avklare nærmare i dialog med kommunen kva dokumentasjon som er relevant for undersøkinga. Vi vil blant anna hente inn kommunen sine planverk, strategiar, rutinar og system for tverrfagleg innsats og tilpassa opplæring. Vidare vil vi hente inn dokumentasjon knytt til bruk av spesialundervisning og ressursbruk i skulen.

Vi vil gjennomføre intervju med relevante respondentar. Føremålet med intervju er å få utfyllande informasjon og forklaringar til dokumentasjonen. Relevante respondentar vil vere rådgjevar kultur og oppvekst, einingsleiarar ved Lærdalsøyri skule og Borgund oppvekstsenter og leiarar for skulehelsetenesta og barnevernet. Andre relevante respondentar kan også bli intervjuet. Val av respondentar til intervju vil bli avtalt nærmare med kommunen.

Ved gjennomføring av intervju utarbeidast det intervjumal. Frå kvart intervju skriver vi referat som vi sender til kvar enkelt respondent til verifisering (gjennomlesing og eventuell korrigerings). Svar frå respondentar analyserast og samstillast deretter med dokumentasjonen elles.

Vi vil samle inn statistikk fra KOSTRA og Kommunebarometeret om bruk av spesialundervisning og ressursbruk i skulen.

Det vil bli utarbeidd ein skriftlig sluttrapport som gjør greie for undersøkinga, funn og tilrådingar. Utkast til rapport vil sendast på høring til relevante aktørar før det utarbeidast ein endelig sluttrapport. Sluttrapportering til kontrollutvalet vil skje ved framstilling av en revisjonsrapport. Det vil være ein rød tråd gjennom rapporten, og rapporten vil være kvalitetssikra og prøvbar.

3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Vi vil nytte 185 timer på oppdraget, fordelt på hovedaktivitetane planlegging, gjennomføring og rapportering. Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan:

	Mars				April				Mai				Juni				Juli				August				September				Oktober				November								
Faser og aktiviteter	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	25	26	27	28	29	30	31	32	33	34	35	36	37	38	39	40	41	42	43	44	45	46	47	48	
1 Forberede																																									
Forundersøkelse																																									
Etablere prosjektplan																																									
Godkjenning prosjektplan																																									
2 Starte opp																																									
Sende oppstartsbrev																																									
Oppstartsmøte																																									
Revisjonskriterier																																									
Dokumentliste																																									
Intervjuplan																																									
3 Gjennomføre																																									
Dokumentanalyse																																									
Intervjuguide																																									
Intervjuer																																									
Analyse																																									
Kvalitetssikring																																									
Rapportutkast																																									
4 Rapport																																									
Ferdigstille rapportutkast																																									
Høring rapportutkast																																									
Oversending av rapport																																									
Presentasjon KU																																									

Forvaltningsrevisjonen vil starte opp i mai, etter vedtak i kontrollutvalet. Gjennomføring av forvaltningsrevisjonen vil vere i juni-september. Vi vil levere rapporten til kontrollutvalsmøtet i november 2022.

4. Prosjektteam og honorar

4.1 Prosjektteam

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av følgende:

- ✓ Oppdragsansvarlig partner Harald Sylta
- ✓ Prosjektleder Magnus Heggen
- ✓ Prosjektmedarbeidar Sindre Dueland
- ✓ Prosjektmedarbeidar Tommy Knutsen

4.2 Honorar

I samsvar med avtale.



Kontakt oss

Harald Sylta

Partner

T +47 40 63 96 66

E Harald.Sylta@kpmg.no

Magnus Heggen

Senior Associate

T +47 900 24 960

E magnus.heggen@kpmg.no

kpmg.no

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavour to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.